



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Randaberg kommune

7. oktober 2016

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:


- Produksjonstilskot i jordbruket
 - Oppdatering av gardskart
-

Vår referanse: 2016/9478

Innhald

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing.....	4
3. Bakgrunn for kontrollen	4
4. Heimel for kontrollen	4
5. Opplysningar om gjennomført kontroll	5
5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	5
5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	5
5.3 Tema for forvaltningskontrollen.....	6
6. Funn.....	6
6.1 Definisjonar.....	7
6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot.....	7
6.2.1 Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata .	7
6.2.2 Driftsfellesskap	9
6.2.3 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting.....	9
6.2.4 Tilskot til dyr på beite	10
6.2.5 Spreieareal.....	11
6.2.6 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll	12
6.3 Tema 2 – Gardskart	12
7. Oppfølging etter kontrollen	13

Verdiskaping frå jordbruket i Randaberg, bruttoprod. totalt er 55,6 mill. kr.



Illustrasjon henta frå vedlegg til NIBIO rapport vol.2 nr. 75, 2016

Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at landbruksforvaltninga i Randaberg kommune har gode rutinar for oppfølging av dei ordningane som blei kontrollerte.

- 62 føretak som søker produksjonstilskot
- 16,6 mill. kr i ulike tilskot blir forvalta og utbetalt til landbruksføretak i Randaberg

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Randaberg kommune 7. oktober 2016.

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av ordningane:

- Produksjonstilskot i jordbruket
- Oppdatering av gardskart

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og har desse merknadene:

Avvik

Produksjonstilskot

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje eit godt nok system for arkivering av PT søknadene.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vore heilt konsekvente med å bruke merknadsfeltet i Wespa når søknadsdata er endra.

Gardskart

- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje oppdatert AR5 i 2015.

Merknader

Produksjonstilskot

- **Merknad 1**
Kommunen bør utarbeide ei skriftleg rutinebeskriving /sjekkliste for gjennomgang av PT søknader.
- **Merknad 2**
Kommunen bør dokumentere oppfølging av varselmeldingar om «vanleg jordbruksproduksjon» t.d. ved å nytte merknadsfeltet i Wespa.
- **Merknad 3**
Kommunen bør ha større fokus på beitetilskotet ved stadleg kontroll.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølv kontrollen og nærare omtale av avvik og merknader

2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Randaberg kommune i brev datert 01.08.2016. Sjølve kontrollen blei gjennomført 7. oktober 2015.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket (PT)
- Oppdatering av gardskart

På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ein førebels rapport. Kommunen har fått tilsendt førebels rapport og har gitt tilbakemelding på denne. Dei merknadene kommunen hadde er teke inn i endeleg rapport og vedlegg.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (fra 01.01.2015)
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav

- Teknisk jordbruksavtale 2014-2015 og Jordbruksavtalen 2015-2016
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølv kontrollen

Dato for kontroll: 7. oktober 2016	Journalnummer: 2016/9478
Dato for førre kontroll: 14. mai 2009	Journalnummer: 2009/3460

Kontrollert verksemd

Kommune: Randaberg	E-post: post@randaberg.kommune.no
Besøksadresse: Randabergveien 370 4070 Randaberg	Telefon: 51 41 41 00

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Magne Fjell	rådmann	x		
Anne Grethe Bø Cazon	fagleiar landbruk	x	x	x
Glenn Finnestad	rådgivar	x	x	x

Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Geir Skadberg	landbruksdirektør	x	x	x
Else F. Hodne	kontrollør PT	x	x	x
Morten Svanes	kontrollør gardskart	x	x	x
Iris-Adele B. Jess	observatør	x	x	x
Sissel C. Endresen	kontrollansvarleg og referent	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot
- Morten Svanes var ansvarleg for intervju og kontroll av gardskart
- Sissel C. Endresen var kontrollleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Produksjonstilskot (PT)	Saksbehandlingsrutinar - Kva rutinar har kommunen for å gå gjennom innkomne søknader - Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata - Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting - Kva rutinar har kommunen for å vurdere om det er driftsfelleskap mellom fleire søkjarar - Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll - Korleis handterer kommunen saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket
	Tilskot til dyr på beite	- Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på innmarksbeite og utmarksbeite
	Spreieareal	- Kva rutinar har kommunen for å vurdere spreieareal - Korleis følgjer kommunen opp søkjarar som ikkje kan dokumentere nok spreieareal
2	Gardskart	Saksbehandlingsrutinar - Kva rutinar har kommunen for oppdatering av gardskart

6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekkja vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylging av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot

6.2.1 Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar saksbehandlingsrutinane, jf. rundskriv 2015-27 som er gjeldande for søknadsomgangane august 2015 og januar 2016.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen får dei aller fleste søknadene tilsendt elektronisk, anslår at kanskje 2 søker på papir. Søknadene ligg berre registrert i Wespa. Kommunen tek ikkje lenger ut PDF-filer frå Wespa for arkivering i kommunen sitt arkivsystem. Alt som gjeld ein søknadsomgang blir lagra under eit felles saksnummer i kommunen. Det blir laga egne saksnummer for dei sakene der dei forventar at det kjem ein klage. Kommunen la og vekt på at det kjem nytt saksbehandlingssystem (eStil PT) i 2017 og dette systemet vil ha eit godkjend arkivsystem. På bakgrunn av dette vil ikkje kommunen endre praksis når det gjeld arkivering av PT søknader no.

Kommunen har ikkje laga eigen skriftleg rutinebeskriving, men nyttar dei aktuelle rundskriva aktivt. Nyttar kommentarfeltet i Wespa dersom dei under saksbehandlinga gjer endringar i søknadsopplysningane. Dersom kommunen gjer rettingar/endringar i søknadsdata blir det lagt inn kommentar i merknadsfeltet i Wespa. Det er stort sett kommunen som finn feil som må rettast, det er nokre få som tek kontakt med kommunen for å melde frå om feil. Det er berre unntaksvis at kommunen ber om skriftleg tilbakemelding før dei endrar søknadsdata. Dersom søker sjølv ber om at data skal endrast, så ber kommunen ofte om ein e-post.

Når det gjeld oppfølging av varselmeldingar, har kommunen rutinar for å følgje opp desse. Ved søknadsomgangen januar 2016 var det 6 søkjarar (sak 3-8) som kom ut på varselista med varselmelding «vanleg jordbruksproduksjon». Kommunen har vore i kontakt med alle

desse per telefon. Av desse 6 er det ein dei vurderer å følgje opp vidare. Kommunen har ikkje nytta merknadsfeltet i Wespa for å dokumentere oppfølging av varselmeldinga.

Fylkesmannen si vurdering

Jf. rundskriv 2015-27 pkt. 5.1.1 så går det fram at Wespa ikkje tilfredsstillar krava til eit offentleg arkivsystem, og kommunen må ha eit tilfredsstillande system for journalføring og arkivering jf. arkivlova. Det er ikkje nok at søknadene ligg i Wespa.

Når det gjeld retting og korrigering av søknad, så går det fram av rundskriv 2015-27 pkt. 5.1.8 at dersom kommunen finn opplysningar som kan vere feil eller noko som er uavklart, skal søkjar kontaktast. Kontakt med søkjar bør dokumenterast. Vidare går det fram at kommentarfeltet i Wespa alltid skal nyttast for å forklare rettingar/endringar som er gjort. Kommunen har gode rutinar for å nytte merknadsfeltet i Wespa, men ved gjennomgang fann vi 2 søknader (sak 1 og 11) der kommunen hadde retta/endra søknadsdata utan at merknadsfeltet i Wespa var brukt.

Kommunen nyttar saksbehandlingsrundskrivet ved gjennomgang av søknadene. Vi vil likevel tilrå at kommunen utarbeider eigen skriftleg rutinebeskriving/sjekkliste som kan nyttast ved gjennomgang av søknadene. Det vil gjere kommunen mindre sårbar ved skifte av tilsette eller ved sjukefråvær.

Kommunen ser ut til å ha god rutine for å følgje opp varselmeldinga om «vanleg jordbruksproduksjon», men vi vil tilrå at kommunen dokumenterer korleis dei har følgd opp varselmeldinga t.d. ved å nytte merknadsfeltet i Wespa.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje eit godt nok system for arkivering av PT søknadene.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje vore heilt konsekvente med å bruke merknadsfeltet i Wespa når søknadsdata er endra.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 1**
Kommunen bør utarbeide ei skriftleg rutinebeskriving/sjekkliste for gjennomgang av PT søknader.

- **Merknad 2**

Kommunen bør dokumentere oppfølging av varselmeldingar om «vanleg jordbruksproduksjon» t.d. ved å nytte merknadsfeltet i Wespa.

6.2.2 Driftsfellesskap

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det er driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har hatt nokre få samdrifter der medlemmer i samdrifta har hatt enkeltmannsføretak utanom. Alle desse har kommunen følgt opp og vurdert. Dei hadde ein samtale om regelverket og laga ein intervjumal. Ein samdrift nytta amnestiet (sak 10). Ein annan samdrift med enkeltmannsføretak søker framleis separat. Kommunen har gitt skriftleg tilbakemelding om at ut frå dei opplysningane som kommunen er gjort kjent med så er dette inntil vidare OK. Når det gjeld sak 9, så kryssar desse to av for at dei er i driftsfellesskap.

Fylkesmannen si vurdering

Så langt FM kan sjå har kommunen følgt opp aktuelle saker i tråd med gjeldande regelverk.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.3 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 11 og § 12 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 12 i rundskriv 2015-26 der det bl.a. står at *«Forvaltningen plikter i alle tilfeller å vurdere avkorting.»*

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen prøver å finne ut årsaka til at det er ført feil søknadsdata. Kommunen sender ut førehandsvarsel og følger opp og behandlar dei sakene der dei meiner det er grunnlag for å reagere.

Mange saker i kommunen gjeld dyr på utmarksbeite. Fleire søkjarar kan feilaktig søkt tilskot til dyr på utmarksbeite. Årsaka er at dei bruker omgrepet «utmark» på areal som i tilskotssamanheng ikkje er definert som utmarksbeite. Kommunen har gått gjennom alle desse sakene og det blei avkorta i 10 saker. Dei valte å avkorte tilsvarande meirutbetalinga.

Kommunen har ikkje fått kopi av saker som gjeld brot på regelverket om husdyrvelferd, men veit ikkje om det er fordi det ikkje har vore konkrete saker i seinare tid. Har generelt eit godt samarbeid med Mattilsynet og har hatt MT med på kontroll ein gang. Kommunen tek kontakt med MT dersom dei i tvil om husdyrhaldet på et føretak. Kommunen har og eit godt samarbeid med dyrevernemnda.

Kommunen har hatt nokre saker med ulovleg gjødselspreiing og då blei det sendt førehandsvarsel og reagert med avkorting.

Fylkesmannen si vurdering

Etter FM si vurdering følger kommunen opp gjeldande regelverk når det gjeld reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.4 Tilskot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. jordbruksavtalen for 2015-2016, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at hovuddelen (minst 50 %) av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting av utmark eller innmark. Vidare står det i rundskriv 2015-27 under pkt. 6.6.6 at «Foretak som søker om tilskudd til dyr på beite, må kunne sannsynleggjøre at dyrene har vært på beite den tiden som kreves.»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har gjort ein god jobb med å rydde opp i misforståinga når det gjeld sau på utmarksbeite. Det er ingen som har ført opp mjølkekyr på utmarksbeite. Ved stadleg kontroll har ikkje kommunen har fokus på kontroll av dyr på beite. Dei har heller ikkje hatt tilfelle der dei har vurdert tal dyr opp mot storleiken på arealet.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen bør ha fokus på tal dyr på beite ved stadleg kontroll. Kravet er at hovuddelen av grovfôropptaket skal skje ved beiting, og vi vil tilrå at kommunen vurderer om tilgjengeleg beiteareal er nok til dei dyra som er ført opp. Søkjarane bør oppmodast til å føre beitejournal ved t.d. å nytte skjema frå KSL.

Fylkesmannen fann ingen avvik.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- **Merknad 3**
Kommunen bør ha større fokus på beitetilskotet ved stadleg kontroll.

6.2.5 Spreieareal

Om regelverket

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreieing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i forskrift om organisk gjødsel. Jf. §22 skal bruk av gjødselvarer inngå i gjødslingsplan jf. forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen kan dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskrifta. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side. I forskrift om produksjonstilskot § 11 står det mellom anna at «*Ved brudd på forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging skal tilskuddet avkortet.*»

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har rutinar for å kontrollere at føretak har tilstrekkeleg spreieareal, men har mindre fokus på dette no. Spreieareal blir alltid kontrollert når kommunen er på stadleg kontroll. Totalt sett er det ledig spreieareal i Randaberg kommune. Ved mistanke om ulovleg spreieing av husdyrgjødsel reiser kommunen ut.

Fylkesmannen si vurdering

FM meiner det er viktig at kommunen har fokus på spreiearealsituasjonen i kommunen. FM la fram 7 saker (sak 12-18) der føretaka har for lite spreieareal ut frå oppgitt areal og dyretal. Når det gjeld sak 18 har kommunen sjekka denne og den er OK. Vi vil oppmode kommunen til å sjekke dei 6 andre føretaka.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.6 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll

Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 6 i rundskriv 2015-27 frå Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har mellom anna plukka ut føretak der det har vore meir enn 10 år sidan sist kontroll. Dei har og plukka ut føretak med ein-sidig produksjon med fokus på kontroll av sprøytejournal og gjødslingsplan. Kommunen har få føretak og er litt på leit etter risikomoment. Kommunen finn lite feil på stadleg kontroll, men har hatt tilfelle der gjødselplan ikkje er godkjent. Kommunen har skriftleg dokumentasjon på kva som er vurdert som er risikotema for kvar søknadsomgang.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gjort risikovurdering før utplukk. Tips til risikovurdering er føretak med sau der det er kome varselmelding om «vanleg jordbruksproduksjon» og føretak som har lite spreieareal ut frå tilgjengeleg areal og dyretal.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.3 Tema 2 – Gardskart

Om regelverket

Gardskartprosessen og ajourhald av arealdata er omtalt i rundskriv 27/12 frå Statens landbruksforvaltning (no Landbruksdirektoratet). Jf. rundskriv 27/12 pkt. 3.1 så skal «...Landbruksregisteret holdes årlig oppdatert ved at kommunene sender inn AR5 til sentral kartdatabase, og deretter produserer et nytt jordregister via internettsidene til Skog og landskap.» Etter forskrift om produksjonstilskot § 7 blir tilskot utmålt «...på basis av det dyretall og areal som hvert enkelt foretak disponerer og i samsvar med vilkår, satser, soner, definisjoner m.m. fastsatt i eller i medhold av jordbruksavtalen».

Gardskarta fungerer som kontrollgrunnlag for kommunen for å sjekke om arealtal som er ført opp i søknaden er korrekte. Tal frå søknaden blir kontrollert maskinelt opp mot tal i gardskartet i inputkontrollen. Det er derfor viktig at gardskarta er korrekte.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har skriftlege rutinar for endring/oppdatering av arealopplysningar i AR5. Etter desse rutinane skal AR5 oppdaterast ved endring i areal. Det er ansvarleg for geodata i kommunen som redigerer i sjølve kartbasen, og det blir gjort saman med tilsette i landbruksforvaltninga i kommunen.

Pga. stor saksmengd prioriterte ikkje kommunen å oppdatere AR5 i 2015. Fylkesmannen la fram kart over 7 eigedomar i kommunen der det kan vere areal som ikkje er i bruk, dvs. brakka areal. Dette gjeld eigedomar der det ikkje blir søkt produksjonstilskot.

- Sak 19 – Kommunen kjenner til at eigedomen er/har vore i bruk til hest
- Sak 20 – Kommunen meiner dette er ein eigedom dei som må følgjast opp.
- Sak 21 – Kommunen kjenner til at eigedomen er/har vore i bruk til hest
- Sak 22 – Dette er ein eigedom som har er/har vore i bruk til beite for sau
- Sak 23 – Kommunen kjenner til at eigedomen er/har vore i bruk til hest
- Sak 24 – Kommunen kjenner til denne eigedomen ikkje er i aktiv bruk lenger etter at eigar har slutta med gris
- Sak 25 – Eigedomen er bruk mellom anna til produksjon av hekkplantar.

Kommunen meiner dei kjenner til 3 eigedomar i kommunen som ikkje oppfyller driveplikta.

Fylkesmannen si vurdering

FM ser at kommunen har gode rutinar på plass for å oppdaterer arealdata i kommunen. Kommunen har ikkje oppdatert kartdatabasen i 2015 pga. kapasitetsproblem.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje oppdatert AR5 i 2015.

Fylkesmannen har ingen merknader.

7. Oppfølging etter kontrollen

Randaberg kommune må innan 1. februar 2017 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.